



Fylkesmannen i Rogaland

TIME KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON
Arne Garborgs veg 30
4344 Bryne

Stavanger, 06.10.2017

Dykker ref.:
Brit Jorunn Haslemo

Vår ref.(oppgi ved svar):
2017/7713
Sakshandsamar:
Mariann Størksen

Rapport: Inspeksjon ved Time kommune - Forsøplingsmyndighet Kontrollnummer: 2017.053.I.FMRO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Brit Jorunn Haslemo

Frå Fylkesmannen i Rogaland:

Mariann Størksen

Andre deltagarar frå verksemda:

Kirsten Bang-Haagensen

Bjørn Meling

Anne Kristine Lindvang

Ole Bjørn Maråk

Andre deltagarar frå Fylkesmannen i Rogaland:

Margareta Skog

Marit Sundsvik Bendixen (innleatingsmøte)

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Time kommune som forsøplingsmyndighet (Time kommune - Forsøplingsmyndighet) den 14.09.2017. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Rogaland avdekkja ingen avvik og ga ingen merknad(er) under inspeksjonen.

Avvik:

Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

Merknader:

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

Under punkt 7 – Andre tilhøve, har Fylkesmannen gitt utfyllande informasjon.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

06.10.2017	Mariann Størksen	Marit Sundsvik Bendixen
dato	kontrollør	fung. fylkesmiljøvernsjef
		Fylkesmannen i Rogaland

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Miljødirektoratet

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: TIME KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON	
Organisasjonsnr.: 974546221	Eigd av: 974781131
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 - Generell offentlig administrasjon	

Kontrollert eining

Namn: Time kommune – Forsøplingsmyndighet	Anleggsnr.: 1121.0029.02
Kommune: Time	Fylke: Rogaland
Anleggsaktivitet: Annen aktivitet	
Løyve gitt:	Sist endra:

2. Bakgrunn og gjennomføring av tilsynet

Miljødirektoratet har bestemt at det fra 2017 skal utførast landsomfattende tilsyn med kommunen som forvaltar av miljølovgivinga. Tilsynet tek utgangspunkt i dei krava som er stilt til kommunen som forvaltar av forureiningsregelverket, jf. ureiningslova § 48a om tilsyn med kommunane og kommunelova kapittel 10a om statleg tilsyn med kommunane.

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningslova, vert overhaldne.

Val av fagområde er:

- Forsøpling

Mål for aksjonen er å fastsetje om kommunen sin kunnskap om og ansvar for si myndighet på forsøplingsområde og å peike på forbetningspunkt i kommunen si utøving av myndighet i forsøplingssaker.

Tilsynet skal og avdekke korleis kommunen organiserer, utfører og etterlever plikta dei har på forsøplingsområde og korleis dei brukar myndigheita og verkemidlar i forhold til lovverket.

Gjennomføring

Slik blei tilsynet gjennomført:

- Varsling av tilsynet i brev av 04.07.2017 der kommunen blei bedt om å sende inn relevant dokumentasjon.
- Innleiingsmøte, intervju av til saman fem tilsette og sluttmøte med oppsummering vart gjennomført den 14.09.2017.

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fylkesmannen avdekkja ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser difor på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

4. Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Rogaland (jf. offentleglova).

5. Avvik

Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

6. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

7. Andre tilhøve

Observasjonar

- Time kommune bør vurdere registrering og for mindre forsøplingssaker. Her rekk det kanskje med å ha ein kort oversikt over når, kva, kvar og handsaming av saka. Dette er slike mindre saker der det til dømes kjem melding om nokre sekker som er slengt frå seg i eit friområde og som vert tekne hand om av kommunen sitt eige driftspersonale.
- Vidare merkar Fylkesmannen seg at Time kommune ikkje har motteke klager på ulovleg brenning, sjølv om det sannsynlegvis vert brend ulovleg og her. Det er likevel ei avtale med brannvesenet om at dei skal rykkje ut dersom slike meldingar vert mottekte.

Organisering

Time kommune er forutan administrasjon organisert i tre tenesteområde. Disse er samfunn, oppvekst og omsorg. Det er tenesteområde samfunn dei tekniske tenesteeiningane som kommunalteknikk, plan og forvaltning og landbruk, kultur og miljøvern er plasserte.

Det er i all hovudsak tenesteininga landbruk, kultur og miljøvern som fylgjer opp forsøplingssaker. I og med organiseringa av denne tenesteininga, har ein i enkelte forsøplingssaker i landbruket brukt trekk i produksjonstilskot som verkemiddel for å få grunneigar til å rydde. Dette har vore eit effektiv verkemiddel.

Informasjon til innbyggjarane

Kommunen har god informasjon om avfall på si heimeside. Innbyggjarane vert og informert om ordningar for avfall i tømekalenderen som vert delt ut til alle husstandar kvart år.

Miljøkommune

Kommunen brukar jamleg Miljøkommune.no som verktøy for å fylgje opp ulike forsøplingssaker. Kommunen er godt nøgd med Miljøkommune.no

Grovavfall

Kommunen har ein eigen henteordning for grovavfall. Denne er i følgje ei brukarundersøking ei populær ordning. Det blir vurdert om ordninga skal utvidast til å gjelde andre enkeltfraksjonar.

Anna

- Kommunen fylgjer opp si plikt og utfører sin myndighet i forsøplingssaker.
- Kommunen er godt kjend med at dersom kommunen i ei enkelt sak skulle velje å ikkje gi pålegg om å rydde opp når nokon har bede om det, vert det å sjå på som eit enkeltvedtak etter forureiningslova § 37, og dermed mogeleg å klaga på.
- Det er ikkje blitt kravd inn tvangsmulkt i forsøplingssaker. I dei tilfella det er sendt varsel om tvangsmulkt er saka blitt løyst før dette var nødvendig.
- Under intervjuet kom det fram at det er lett å få politisk aksept for å innføre nye ordningar som kan hindre forsøpling.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forureining og om avfall (ureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)